

## Skala for uro - foreldre

Dette er eit arbeidsverktøy som kan hjelpe deg med å avklara ei uro knytt til foreldre/føresette du har kjennskap til gjennom arbeidet ditt. Ved hjelp av ala for uro kan du i samarbeid med leiar/kollega gje ei klar vurdering av situasjonen.

<p>Skalaen viser kva du kan fokusera på dersom oppførselen til foreldra gjer deg uroleg for eit barn eller ein ungdom.</p>	<p>Bruk skalaen som eit hjelpemiddel for å konkretisera «magekjensla».</p>
--	--

Hugs at:

Problem på ulike tidspunkt i livet kan få ulike plasseringar i skalaen for uro. Di vurdering gjev eit augneblinksbilete. Ein familie kan vera i ein belastande situasjon (til dømes skilsmisse eller dødsfall i familién), og det kan gje seg utslag i ein oppførsel som vekkjer uro.

- Skalaen er eit internt verktøy som kan hjelpe deg til å utvisa best mogleg skjønn.
- Signal frå foreldre med alkoholproblem, anna rusmisbruk eller psykiske vanskar er svært ulike frå person til person.
- Skalaen for uro er rettleiande, og det er viktig å snakka med leiaren din om det du er uroleg for slik at observasjonen får fleire nyansar.  
Når du og leiar har vurdert graden av uro for ein forelder, skal de avgjera kva som skal skje vidare.

Meldeplikt

Meldeplikta er personleg. Det inneber at dersom du vurderer at det du er uroleg for krev at du informerer barnevernstenesta eller sosialtenesta, skal du gjera det.

Ver varsam	Signal fra føresette/foreldre der foreldreevna synest vera god	<ul style="list-style-type: none"> <li>Foreldreomsorga er god.</li> <li>Foreldre søker rådgjeving dersom barnet i ein periode ikkje trivst.</li> <li>Foreldra sökjer kanskje hjelp ved å kontakta lege, helseøster, barnehagen, skulen eller liknande.</li> <li>Utfordringane vert handterte på tenestestaden.</li> </ul>	<b>Nivå 0 -1</b> Utfordringane vert handterte på tenestestaden.
Ver varsam	Signal om at foreldreevna kan vera redusert	<ul style="list-style-type: none"> <li>Foreldra har uregelmessig frammøte.</li> <li>Foreldra lar andre henta og levera borna, eller let vera å delta på møte og arrangement.</li> <li>Foreldra sluttar å halda avtalar, melder avbod i siste liten eller kjem med ulike forklaringar på kvifor dei ikkje kan delta på møte eller anna som vert arrangert av skulen, barnehagen, helsestertenesta eller tilsvarande.</li> <li>Endra fysisk og psykisk omsorgsevne.</li> </ul>	<b>Nivå 1</b> Utfordringane vert handterte på tenestestaden.
Grunn til uro	Signal om at foreldre har eigne vanskar som påverkar foreldreevna	<p>Den fysiske framtoningen er prega av:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Hyppig sjukdom</li> <li>Lukt av alkohol</li> <li>Manglande situasjonsforståing</li> <li>Verkar ustelt og likegyldig til eigen framtoning.</li> </ul> <p>Den psykiske framtoningen er prega av:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Irritasjon</li> <li>Isolasjon</li> <li>Usikkerheit</li> <li>Sårbarheit</li> <li>Nervositet eller mismot</li> <li>Redusert fysisk og psykisk omsorgsevne</li> </ul>	<b>Nivå 2</b> Utfordringane krev tverrfagleg samarbeid mellom ulike kommunale tenester.
Grunn til uro	Signal hos foreldre der barnvern/politi skal varslast	<ul style="list-style-type: none"> <li>Foreldreomsorga manglar heilt.</li> <li>Foreldra er sterkt belasta i form av personlege, psykiske, sosiale, økonomiske og/eller nettverksmessige faktorar.</li> <li>Ulike tiltak er forsøkte, utan resultat.</li> <li>Foreldra møter rusa opp for å henta barnet.</li> <li>Mistanke om vald, anten mot ein forelder eller mot barnet, eller mistanke om seksuelt misbruk.</li> </ul>	<b>Nivå 3</b> Utfordringane må løysast i tverrfagleg samarbeid med tilviste tenester. Akuttpllassering må vurderast.